




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Haram vidaregåande skule

## Årsmelding skoleåret 2023-2024



# Innhaldsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkellopplysningar om skolen</b>	<b>3</b>
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>6</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	9
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>10</b>
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	10
4.2 Karaktersnitt	12
4.3 Fråvær	13
4.4 Elevar som har slutta	14
4.5 Overgangar	15
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>16</b>

# 1. Rektor har ordet


Skuleåret 2023-2024 hadde Haram vidaregåande skule 274 elevar og 50 tilsette. I løpet av skuleåret gjekk reinhald over til BYE, og på grunn av dette blei det 47 tilsette på skulen. Alle endringar fører til nye oppgåver, og i vårt tilfelle betyr det at skuleleiinga og merkantil har fått større ansvar når skuledagen er ferdig.

Haram vidaregåande skule hadde skuleåret 2023-2024 153 elevar innanfor studiespesialiserande (ST) og 121 elevar på yrkesfag (YF). YSK elevane blir talde inn på yrkesfag dei to første åra og studiespesialiserande dei to siste åra. Kombinasjonen mellom YF og ST er viktig for skulen, og den er viktig for skulen sitt mangfold både hos elevar og lærarar. Satsinga på internasjonalisering er også viktig for å tiltrekke seg elevar til skulen. Alle elevar som går på Haram vidaregåande skule får tilbod om å delta i eit internasjonaliseringsprosjekt, og nesten alle innanfor ST gjer dette. Innanfor YF deltek om lag 50 % av elevane i ein internasjonaliseringsprosess.

I årsmeldinga til Haram vidaregåande skule vil ein bli kjent med statistikken til skulen for skuleåret 2023-2024, og i dette avsnittet vil eg kommentere ein del av denne statistikken. Det første eg vil kommentere er at elevane som tar Vg2 ST utland ikkje er med i statistikken. Kommentar nummer to er at ein kan sjå at våre Vg1 elevar har lågare grunnskulepoeng ved inntak, og ei av årsakene til dette var at det var mange elevar som hadde hatt mykje fråvær i grunnskulen. Elevane sitt fråvær frå og motstand mot å ta imot undervisning gjorde at skulen måtte sette inn tiltak, og det trur vi betra både gjennomføring og anna statistikk ved skulen. I den perioden tiltaka vart iverksett var det ein del uro, og det trur vi påverka resultatet i elevundersøkinga på Vg1-nivå. Den siste kommentaren til statistikken er knytt til elevfråvær, og det er at det ser ut til at godt samarbeid med foreldre/føresette og arbeidsliv kan vere med på å redusere fråværet.

## 2. Nøkkellopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen



Tal på årsverk pedagogisk tilsette	39
Tal på årsverk i leiarstillingar	4
Tal på årsverk andre tilsette	4

Haram vidaregåande skule har 47 tilsette; 39 lærarar, 4 leiarar, 2 merkantil, 2 elevassistentar og ein miljøarbeidar. Det er 32 kvinner og 15 menn. I løpet av dette skuleåret blei reinhald flytta over til BYE.

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro	19	19		38
Helse og oppvekst	15	12		27
Teknologi og industrifag	39	17		56
Studiespesialiserande	31	49	19	99
Studiespesialiserande - utland		11		11
Påbygg			43	43
Totalt	104	108	62	274

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	18
---	----

Haram vidaregåande skule hadde ei normal oppfylling av dei fleste utdanningsprogramma skuleåret 2023–2024. Innanfor Vg1 og Vg2 Elektrofag og Teknologi- og industrifag finn ein også Vg1 og Vg2 elevane som går på utdanningsprogrammet YSK. YSK-elevane på Vg3 og Vg4 nivå finn ein i raden Påbygg. Skulen hadde også ei ekstra klasse innanfor utdanningsprogrammet Vg1 Teknologi- og industrifag. I august og september opplever Haram vidaregåande skule at ein del elevar som ikkje hadde skulen som 1. val avsluttar skulegangen sin på skulen for å starte vidaregåande opplæring på ein anna skule.

Skulen opplever at søkinga til dei ulike utdanningsprogramma er varierande frå skuleår til skuleår. Innanfor dei utdanningsområda vi har berre ei Vg1 klasse, er det spesielt utfordrande å fylle opp Vg2 tilboda skulen tilbyr. Dette skuleåret hadde skulen i utgangspunktet til dømes ei halv klasse på Vg2 Industrieknologi, men det var likevel 10 elevar i denne klassen.

Haram vidaregåande skule hentar mesteparten, 65 % – 70 %, av elevmassen frå det naturlege geografiske nedslagsfeltet.

.

## 2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

### 2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2022-23	2023-24	Fylket 2023-24
0 eller ingen	4,6	4,0	6,3%
0 - 25	5,6	3,0	2,8%
25 - 30	7,4	12,9	5,9%
30 - 35	9,3	15,8	11,7%
35 - 40	13,9	18,8	17,4%
40 - 45	17,6	17,8	21,4%
45 - 50	25,9	13,9	19,4%
Over 50	15,7%	13,9	15,1%

### 2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Haram vidaregåande skule	42,4	42,6	42	40,9	39,2
Fylket	41,1	42,3	42,2	42,5	41,4

### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Haram vidaregåande skule ser at elevane sine grunnskolepoeng er lågare dette skuleåret enn tidlegare, og vi ser at denne trenden har vart nokre år. Dette trur ein kjem av at grunnskulen korrigerer karakterane sine etter Korona-pandemien. Skulen opplever også ei dreiling frå studiespesialiserande til yrkesfag. Elevar som søker til yrkesfag har i statistikken som skulen har tilgang til, lågare grunnskolepoeng enn elevar som søker til studiespesialiserande. Dette skiljet hadde mest truleg vore endå større hadde det ikkje vore for at YSK-elevane blir rekna innanfor yrkesfag.

### 3. Læringsmiljø

#### Læringsmiljø vg1-vg3


Velg skole og trinn →

Enhet Haram vidaregående skule Trinn Vg1

Snitt skår på læringsmiljø indikatorar for Haram vidaregående skule

Skoleår 2021-22 2022-23 2023-24

Til forsiden



#### Læringsmiljø vg1-vg3


Velg skole og trinn →

Enhet Haram vidaregående skule Trinn Vg2

Snitt skår på læringsmiljø indikatorar for Haram vidaregående skule

Skoleår 2021-22 2022-23 2023-24

Til forsiden



#### Læringsmiljø vg1-vg3


Velg skole og trinn →

Enhet Haram vidaregående skule Trinn Vg3

Snitt skår på læringsmiljø indikatorar for Haram vidaregående skule

Skoleår 2021-22 2022-23 2023-24

Til forsiden



## **3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga**

Tilbakemeldingane frå elevundersøkinga varierer frå Vg1, Vg2 og Vg3. På Vg2 og Vg3 nivå har skulen god score i høve til både fylket og landet. Desse elevane har også vore meir fornøgd ved tidlegare års skulegang.

Resultatet på Vg1 har mest truleg fleire årsaker. Den første årsaka er nok meistringsforventning, elevar som ikkje har lykkast like godt i grunnskulen har ofte mindre motivasjon for å gjennomføre vidaregåande opplæring, og det påverkar nesten alle områda i elevundersøkinga. I den perioden elevundersøkinga var gjennomført var det igangsett fleire tiltak på Vg1 nivå der skulen hadde fokus på oppmøte, oppførsel, klasseleiing og klassemiljø. Desse tiltaka hadde utgangspunkt i utfordringane skulen hadde på dette tidspunktet. Skulen meiner at desse tiltaka var med på å betre skolemiljøet, men mange elevar meinte at dei fekk inndraging av friheit.

I handlingsplanen har skulen fokus på elevdemokratiet og elevmedverknad, men i statistikken klarer ein ikkje å sjå endring. Utifra tilbakemeldingar skulen har kjennskap til er det likevel positiv endring, dette fordi vi har fleire elevar på Vg1 enn på Vg3, og at ST-elevane var minst fornøgd på dette feltet på Vg1, og resultatet er det same på Vg3.

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Skulen har utarbeidd ein aktivitetsplan etter § 9A-4 i opplæringslova i skuleåret 2023-2024. Ein opplever ei aukande utfordring med elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø. Nesten alle desse sakene har utgangspunkt i elevane si fritid, og det er arbeidskrevjande undersøkingar og tiltak som må utførast. Haram vidaregåande skule har stor forståing for elevane sine opplevingar, men det kan vere vanskeleg å finne tilfredsstillande tiltak. Dei fleste sakene blir løyst ved samtale mellom elevar og kontaktlærar, og elevane vil ikkje gå vidare med det.

I elevundersøkinga var det også ein del elevar som følte seg krenka av tilsette på skulen, men det hadde samanheng med tiltaka som er kommentert under kapitel 3.1. Skulen si vurdering er at tiltaka var til hjelp for gjennomføring og utviklinga til elevane det gjaldt.

For å betre læringsmiljøet har skulen innført 5 tverrfaglege dagar med fokus på kjerneelementa i læreplanen. Desse dagane har skulen sett på ulike tema som til dømes psykisk helse, kosthald, trening og økonomi. I tillegg har vi hatt fokus på medborgarskap og å skape forståing for andre menneske.

### **3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad**

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	6
Møter i Skolemiljøutval	3
Møter i Skoleutval	3

	Ja/nei
Er Skolemiljøutval og Skoleutval slått saman?	Ja

Haram vidaregåande skule har gjennomført 3 møter i Skule-/Skolemiljøutvalet dette skuleåret. I tillegg til 6 elevar består dette utvalet av 2 samfunnskontaktar, 1 representant frå dei tilsette, 1 foreldrekontakt og rektor. Den saka det har vore brukt mest tid på er skulen sin økonomiske situasjon og kva konsekvensar dette har.

Haram vidaregåande skulen har ein elevrådskontakt i leiinga som har dialog med elevrådet. Elevrådskontakta hjelper elevrådet med organiseringa og utgreiing av saker. På enkelte elevrådsmøter er rektor til stades. Det vart gjennomført eit allmannamøte for alle elevane dette skuleåret, rektor leia dette møtet.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent	88,1%
--	-------

#### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektrofag	100%	100%		100%
Helse- og oppvekstfag	92,9%	100%		95,7%
Teknologi og industrifag	89,5%	93,8%		90,7%
Studiespesialiserende	93,3%	91,7%	73,7%	88,7%
Påbygg			68,3%	68,3%
Total	93,1%	94,6%	70%	88,1%

#### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Haram vidaregåande skule	92,5%	94,1%	88,3%	87,1%	88,1%
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

#### **4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse**

Haram vidaregåande skule har ei målsetting om meir enn 90 % gjennomføring, for dette skuleåret hadde skulen ei gjennomføring på 88,1 %. Dei 11 elevane som går Vg2 ST i utlandet er ikkje rekna med, og alle dei gjennomførte, så derfor er skulen på om lag 90 %. Det er ein tydleg positiv samanheng mellom 1. prioritetsøkarar, inntakspoeng og gjennomføring.

Haram vidaregåande skule vil kommentere ein del punkt som påverkar vår gjennomføring. Det første punktet er elevar som startar på vidaregåande opplæring med ingen eller mangefull opplæring i engelsk. I år hadde vi nokre elevar som ikkje fekk bestått i engelsk på grunn av dette. Punkt nummer to er forskjellen på gjennomføringa innanfor Realfag (REA) og Språk, samfunnsfag og økonomifag (SSØ). Vi har langt fleire elevar som stryk til eksamen innanfor REA enn SSØ. Haram vidaregåande skule har mange REA-elevar innanfor YSK, og det påverka resultatet på påbygg dette året. Punkt 3 har auka gjennomføringa, og det er at elevar som har hatt høgt fråvær i 1. termin og gode faglege føresetnadar blei meldt opp til privatisteksamen før 1. februar. Desse elevane fekk følgje undervisninga i faget, sjølv om dei fekk eit enkeltvedtak på at dei vart delkurselevar. Alle desse elevane fekk bestått til eksamen.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektrofag	4,39
Helse- og oppvekstfag	3,89
Teknologi- og industrifag	3,86
Studiespesialiserande	4,06
Påbygg	3,71

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24
Haram vidaregåande skule	4,12	4,15	4,10	4,04	4,0
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei siste åra har Haram vidaregåande skule hatt eit litt lågare karaktersnitt enn fylket.

Sluttvurdering har vore diskutert i kollegiet, og det er ganske stor semje om at karaktersetjinga ikkje er for streng. Skuleåret 2022–2023 hadde vi eit avvik på -0,73 karakterpoeng frå standpunkt til eksamen og dette avviket i 2023–2024 er redusert til -0,42 karakterpoeng. Det er forskjell mellom standpunktvurdering og eksamensvurdering, men skulen meiner likevel at det er positivt at avviket ikkje er for stort.

Forskjellen i snittkarakter mellom utdanningsprogram meiner skulen må sjåast i årsakssamanheng med inntakspoeng til dei ulike utdanningsprogramma.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timer. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timer	Totalfråvær, prosent
Totalt	8,1	15,2	6,1%
Vg1	6,3	15,2	5,0%
Vg2	9,4	13,4	6,5%
Vg3	9,2	17,7	7,4%
Vg4			

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Haram vidaregåande skule	3,1%	1,7%	2,0%	6,2%	6,1%
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,5%	7,0%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet før 2019 var på om lag 4 %, og målsetjinga for skulen er å nærme seg den prosenten igjen. Skuleåret 2023–2024 har skulen fråværsprosent på 6,1 %. Fråværet er lågast på Vg1 nivå og høgast på Vg3 nivå. Det kan vere ulike grunnar til dette, men skulen trur at fokuset som arbeidslivet har på fråvær for elevar på yrkesfag er ein grunn. Ein anna grunn til at det er lågare på Vg1 og Vg2 nivå er nok at mange elevar ikkje er over 18 år, og dermed har foreldra ei større påverknadskraft enn for dei elevane som er myndige. Godt samarbeid med foreldre om oppmøte frå Vg1, kan vere avgjerande for å få ned fråværet.

## **4.4 Elevar som har slutta**

### **4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24**

Prosent	Tal
1,5%	4

### **4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent**

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Haram vidaregåande skule	1,4%	2,7%	4,3%	4,2%	1,5%
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

### **4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse**

Skuleåret 2023-2024 var det berre 4 elevar som slutta på skulen. Noko som er ein nedgang i forhold til dei siste åra. Den viktigaste grunnen til dette er tiltaka som vart sett i gang for Vg1 elevane som hadde vanskar med å tilpasse seg vidaregåande opplæring. Samarbeid mellom skulen og ulike organisasjonar, institusjonar og etatar var nok avgjerande for at elevane ikkje slutta. I tillegg kan ein trekke fram eit godt samarbeid med dei andre vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Vi hadde fleire elevar som fekk flytte til ein anna skule nærmare heimen mellom 1. og 2. termin. Motivasjonen for å fullføre 1. termin vart dermed betre medan dei gjekk på skulen.

## 4.5 Overgangar

Haram vidaregåande skule har fleire møtepunkt med ungdomsskulane i kommunen og i nærliggande kommunar. Haram kommune har eit rådgjevarnettverk vi får delta i, og gjennom det samarbeidet får vi god informasjon som kan vere til hjelp for elevane i overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring. Skulen har deltatt på karrieredagen i Sparebanken Møre arena, gjennomført utdanningsval, arrangert open dag og lærarar og elevar på Haram vidaregåande skule har deltatt på arrangement i regi av ungdomsskulane der dei fortel om skulen og utdanningsprogramma våre.

Skulen samarbeider også mykje med det lokale opplæringskontoret i arbeidet med overgangar, både mot grunnskulen og inn mot våre eigne elevar på yrkesfag. Alle elevar som går Vg2 yrkesfag på skulen er utplassert 6 veker i YFF-faget. For elevane på studieførebuande deltek vi på open dag på NTNU i tillegg til at vi har besøk av ulike høgskular og universitet. Skuleleiinga fekk også møte leiinga på NTNU i Ålesund. I dette møtet fekk ein informasjon om kva arbeidsmetodar som blir brukt der, og kva kunnskap dei ønskjer at framtidige studentar skal ha. Om ein klarer å formidle dette bodskapet til lærarar og elevar kan det gjere overgangen til høgare utdanning enklare.

Statistikk frå skuleåret 2023–2024 viser at elevar på Vg1, både YF og ST, der startar godt over 90 % på eit Vg2 innanfor same utdanningsområde. På Vg2 ST går 96 % vidare til Vg3 nivå. I overgangen Vg2 YF er det 68 % av elevane som startar på ei lærlingkontrakt, 14 % byrjar på påbygg og dei resterande elevane startar enten på eit nytt Vg2 eller vi veit ikkje kva dei gjer på.

## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Leiarteamet på skulen består av 4 personar. Rektor, ass. rektor og 2 fagleiarar (jf. Organisasjonsmodellen s. 3). Skuleleiinga deltok fram til desember 2023 på eit leiaturviklingsprogram i regi av Høgskulen i Volda. I dette programmet fekk ein kjennskap til leiarteoriar og ein arbeidde med korleis ein kan løyse utfordringane ein møter i kvardagen. Ein kan elles nemne at skuleleiinga har opplevd å ha god støtte av ulike ressurspersonar som er tilsett i Møre og Romsdal fylkeskommune, når ein har støtt på utfordringar ein ikkje har hatt så mykje kunnskap om. Dette har også vore med på å auke kompetansen i leiargruppa.

Profesjonsutviklinga hos dei tilsette blir ivaretatt av både leiinga, fagkoordinatorar og gjennom at mange lærarar tar vidareutdanning gjennom ordninga kompetanse for kvalitet. Lærarane likar å samarbeide i seksjonane sine, og gjennom skuleåret hadde dei også meir samarbeid på tvers av seksjonane. Planlegging og gjennomføring av dei 5 tverrfaglege dagane var utført på tvers av seksjonar. I tillegg er det mange av skulen sine lærarar som deltek i både sentralt og lokalt sensurarbeid, og gjennom deltakinga får dei nye impulsar.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)